

## Referat foreldremøte 7.mai kl 19

*6.klasse*

Saker

### 1. Oppsummering

Bjørghild informerte om skuleåret, framdrift fram til sommaren. Med utgangspunkt i kartleggingsprøvar vil elevane få individuelle arbeidsplanar i Norsk. I matte vil me ha fokus på multiplikasjon og divisjon resten av året. Me prøver å skumme gjennom siste kapittel.

### 2. Arrangement/Prosjekt

Me har dette året hatt prosjekt om barnekonvensjonen, Astrid Lindgren og sjøbruk. Elevane har vore svært flinke, spesielt med å ta ansvar for fadderbarna sine.

### 3. Kartlegging før foreldresamtalar (1.juni)

Kartleggingsprøvar:

- Carlsten leseprøve med diktat
- Multi heilårsprøve
- M-prøve
- Kartleggaren (data)

### 4. Aktivitetsplan fram til sommaren vart delt ut.

### 5. Planar for neste år.

6-7 kl vil gå saman som klasse, der nokon av timane vert delt. Annikken vert kontaktlærer for begge klassane.

### 6. Val av representant FAU 7.trinn

Eva vart vald inn som FAU representant, Solveig står som vara.

### 7. 7.klasseavslutning 16.juni.

Solveig tok på seg ansvaret for å koordinera dette. Meny vert Taco med is og bær til dessert. Dersom det er behov kontaktar Solveig føresette i 5.trinn.

8. Leksehjelp neste år 5-7 trinn

Spørjeark om kva føresette ynskjer, pedagog som hjelper. Svarark vert sendt ut.

9. Sosiale tiltak

Klassen finn på noko 5.juni sidan 7.klasse er på bytur. Dette avtalar elevane og me vurderer å bruka pengar me har tent. Dette diskuterer me i klassen.

10. Saker frå foreldra.

Sommaravslutning for klassen. Me vart einig om å sjå veret ann for å gå til sjøen å grilla. Dette avtaler foreldra.

Referent Bjørghild